

MOTTATT 17. 5. 78

FØRDE

WAWW 2

Diskusjonsblad for AKP (m-l) nr 1-1978.

Aviser treng eit navn. Send inn forslag på navn som høver seg eit kommunistisk diskusjonsblad! Navnet på vinnaren vert offentleggjort i neste nr. av bladet. BEUK FANTASIEK!

DET ER DU SOM ER MEDLEM SOM AVGJER OM AVISA SKAL HA EI FRAMTID!

DS har vedteke å opprette denne avisa, men det blir inga avis utan DINE innlegg! Det blir sikkert rikeleg med innlegg om ikkje eg skriv". "Eg er ikkje flink å skrive lange innlegg". Slike tankar vil sikre avisa ein **SWARLEG DØD!**

Difor skriv innlegg! Redaksjonen trur at det er ein god del motløysse i partiet, over den maten partiet blir leia på i distriktet. Denne avisa er eit av nokre innlegg tiltak for å få kritisert DS. Denne kritikken er grunnlag for framgang som kan rydde vekk denne motløysse, noko som vil gje ny framgang. **I DELTE AVISA LUT DS SVARE FOR SEG!**

Drep ikkje avisa-gje ho liv, skriv inn. Korte eller lange innlegg, historier fra klassekampen, vitsar, dikt, sjølvlagar eller **LANTBEVER DEI TIL LAGSSTYRE-DEI MA LEVERE DEI TIL REDAKSJONEN INNAN FREDDAG 14-4-78. SETT IGANG NO:**

"I den store kampen som nå pågår, krever KKP at alle ledende organ og alle medlemmer og kadre fullt ut skal utfolde sitt initiativ for bare det kan sikre seieren. Dette initiativet må i konkret uttrykket evnen til skapende arbeid blant disse, i døresnot og evne til å stille spørsmål, uttrykke si mening og kritisere feil, og videre i den demokratiske kontrollen som blir utøvd over de ledende organ og de ledende kadrene. Men å utfolde et slikt initiativ, avhenger av demokratiets utbredelse i partilivet."

Mao Tsetung.

REDAKSJONEN.

DISTRIKTSSTYRET MÅ GÅ I SPISSEN^N FOR Å KORRIGERE FEIL=
MÅ SAMBINE LEIINGA MED MASSANE-EIN SJØLVKRITIKK.

Under oppsummering av kritikk-kampanja og i I.mai arbeidet har det kome opp viktig kritikk av DS.

1. DS har ikkje leia kampanja skikkeleg, det har mangla initiativ og forsøk på å drive kampanja framover. DS har ikkje svara på, ikkje teke konkret sjølvkritikk på kritikken i "Styrk den ideologiske kampen I og II". Eit slikt svar kunne vore eit viktig bidrag til å drive kampanja framover, det hadde tvinga DS til å forsøke å analysere feila, men dette vart ikkje sett på som ei viktig oppgåve.

2. Også på andre område har DS sitt arbeid vore prega av liberalisme og mangel på initiativ. (Det mangla tiltak for å mobilisere partiet i I.mai arbeidet) DS står overfor oppgava med å analysere røyndomen og ta i bruk nye metodar for leiing, men når DS har stått overfor denne oppgava har DS vorte handling-lamma. I staden må DS kjempe for å gå i spissen og studera problema for å løyse dei.

3. Viktigaste veikskapen i DS er at DS ikkje har greid"å sameine leiinga med massane"(Mao). Framleis finst det store avvik i synet på massane, difor har DS problem med å setje masselinja ut i livet. DS har gjort ei rad vedtak og direktiv som er gjort dårleg kjend i partiet. det har vore vanskeleg for medlemene å kontrollera DS . Denne avisa er eit tiltak for å styrke sambandet mellom DS og medlemene.

STYRK DEMOKRATIET OG DEN IDEOLOGISKE KAMPEN!

Vi tek sjølvkritikk på et første nr. kjem for seint. BRUK AVISA!

For DS/AU

DA

STUDIAR: Mao: Korrigjer arbeidsstilen i partiet s.153.

Noen spørsmål vedrørende metodene for ledelse.s.210.

Til medlemmer av AKP(m-l) og RU i Førde.

MOBILISER TIL FFF-TOGET!

Partiet tek sjølkritikk på manglande initiativ og leiing i I.Mai-arb. DET ER KRISE I MOBILISERINGA TIL TOGET. Om ikkje noke drastisk skjer, vert toget mindre enn i fjor. Grunnlaget for eit stort tog er der: 1. Parolane er gode, breie og lette å mobilisere på. 2. Klassekampen har skjerp seg. Dette har gjeve seg utslag i masserørsler på viktige kampområder. (Interessekamp, kamp for arbeidsplassane, mot lønsnedslag, mot vasskraftutbygging, internasjonal solidaritet osv.) Dessse masse-rørslene er oppadstigande og det er opp til oss om dei skal gje seg utslag i eit stort tog.

Frå no og fram til til dagen er det uakseptabelt for kommunistane å drive med anna politisk arbeid enn det som har med I. mai å gjere, og det er forbudt å snike seg unna. Kommunistane må haue og gå i spissen. Om ein slår til, kjem andre etter. Erfaringane våre er kort og godt at når vi går i spissen for sakene massane brenn for, sluttar dei opp; det er aldri dei det strandar på.

Ka skal vi gjere? Ka vil det seie å gå i spissen? **BLÅS OPP EIN STORM OMKRING FFF!** For å lausrive store grupper, og for å mobilisere desse til FFF, er det naudsynt å få i stand eit klima der tusenvis snakkar om FFF og diskuterer parolane. (Eks. Josefine-saka i fjor, sjøl om det ikkje vart drive mobilisering på parolen.) I dette gunstige klimaet skal vi mobilisere dei mest framskredne (dei finst i massevis) til å gå i toget ved å loyse dei motseiingane dei har til å gå og ved å oppmuntre dei til å ta aktiv del i kampon. Denne mobiliseringa, den personlege, må intensiverast monaleg fram til dagen.

Korleis reise ein storm? Jau, grovt sett: Vi skal ta ei konkret sak (ein parole) som massane brenn for (og som borgarskapet har panikk for) og smi ei slegge av ho og dalge til borgarskapet på tærene. I prinsippet fins det uendeleg mange måtar å gjer det på, og massane og vi har vore borti ein del av dei:

I. Viktigast Reise forslag om tilslutning overalt. 2. Plakatklipping-parolemaling. 3. Stand med megafon, musikk, flygebladutd. 4. Spontan punktdemonstrasjon. 5. Mobil veggavis, dvs bil med plakatar innvendig parkert i sentrum. 6. Veggaviser overalt, både lovlege og ulovlege plassar. 7. Provoserande og avslørande avisinnlegg, annonser, støtteannonser. 8. Innslag i "Fylkesnytt" 9. Korte spontane appellar på gata, skuleplassen osv. 10. Mobilisering til møter etc i megafon gjennom bilvindu. 11. Få i stand konfrontasjonar med reaksjonære. 12. Musokkupasjon. 13. Pernobål og andre bål.....

Kommunistar som enne ikkje er med i grupper eller ikkje alt driv skikkeleg I. mai-arbeid skal hogge tak i den "første og den bedste" eller folk som driv på og diskutere opplegg og komme i gong. Vi må kvitte oss med den gamle sure sektarismen som går ut på ikkje tore ta opp I. mai med folk og den daffe stilen: "Ka syns du om parole X?" "Jau, ålreit" "Skal du gå i toget då?" "Vi får sjå" og ferdig med den. De er ikkje mobilisering!

Der kameratane ikkje greier å reise ein storm (eller vindpust) på kort tid, skal ein sjølsagt likevel drive personleg mobilisering/mobilisering til toget. Særleg må ein bu seg på å loyse to motseiingar mange har og det er redska for å bli stempla raud og ingen-vits-i-å-gå - linja, og då må ein vere konkret! Diskuter erfaringar andre har gjort.

MOBILISER MASSANE - PROVESER BORGARSKAPET - MOBILISER MASSANE

For AKP(m-l)
Mi